



Kurt Haugland med nedbørmålaren

Uskedalens ver-observatør Kurt Haugland kan skriva under på at dei siste dagane har vore ei nedbørrik oppleving: Døgnet frå midnatt mellom fredag og laurdag til midnatt mellom laurdag og søndag kom det 112 millimeter i Korsnes nord der observatøren bur og det er ein klår årsrekord.

Truleg er det også den største nedbørnoteringa sidan han starta målingane for 2 1/2 år sidan eit steinkast frå Storsundet. Hvis nokon hugsar også den 23. november som ein sær nedbørrik dag kom det ikkje meir enn vel 60 millimeter. Men det bles godt den dagen med nesten 25 i stormkasta.

Det er personleg interesse som ligg bak Kurts engasjement som ver-observatør. Det einaste betaling han får for jobben er nokre skrapelodd frå Grenda. Men han strekar under at pågangen frå folk som vil ha tak i tala ikkje er så stor at den er ei plage.

Nedbørmålaren står på terrassen hans og vindmålaren i toppen av ei stang på taket.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Vindmålaren snurrar på taket hos Haugland